



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Eirik Brynjelsen, 55 57 21 70

Vår dato
25.11.2016
Dykkar dato
04.11.2016

Vår referanse
2016/14367 512.1
Dykkar referanse

05-December-2016

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Avslag UTM – prosjekt Radøy- og Austrheim ku- og kaffiklubb

Me viser til søknad 04.11.16 om støtte til prosjekt *Radøy- og Austrheim ku- og kaffiklubb*. Søknaden er handsama etter *Supplerande tildelingsbrev 2016 til fylkesmannen frå Landbruks- og matdepartementet* (LMD 15/1720) av 08.02.16, og etter føringar i Regional næringsstrategi for landbruket i Hordaland 2013-17.

Vedtak

Landbruksdirektøren i Hordaland gir avslag på søknad om støtte til prosjekt Radøy- og Austrheim ku- og kaffiklubb. Tiltaket kan ikkje prioriterast i høve næringsprogrammet for landbruket i Hordaland.

Utgreiing

I 2015 søkte og fekk Lindås kommune ei løyving til tiltaket *Ku- og kaffiklubb i Lindås*, over to år. Sidan den gongen har felles landbrukskontor for Radøy, Austrheim og Fedje delt ressurs med landbrukskontoret i Lindås. Ein ønskjer difor å kopiere tiltaket «attende» til Radøy og nabokommunane.

Sjølv om dette har vist seg som eit bra mobiliserande tiltak tidlegare i Radøy og seinast i Lindås, ønskjer ikkje Landbruksavdelinga og drive slike einskildtiltak over mange år utan større dedikasjon frå kommunane, då dette fort ber preg av driftsmessig støtte til førstelinearbeidet kommunen har ansvaret for. Vi avslår difor normalt framhald av slike tiltak, og ei kopiering frå kommune til nabokommune vil falle inn under dette.

Derimot har det vore diskutert moglegheiter for eigne regionale mjølkesatsingar, ikkje minst etter røynslene frå slikt prosjekt i Voss kommune, og ein har kome ganske langt i å konkretisere dette, spesielt i høvet Lindås/Nordhordland, der liknande aktivitet var lagt inn i ei skisse til regional mjølkesatsing, saman med dedikert innhald frå TINE sitt fylkesfemnande Mjølkeprosjekt. Ei slik satsing vil kunne vise ei større grad av dedikasjon, eigarskap og ressursbruk frå kommunane si side. Vi finn det difor ikkje naturleg å vidareføre mindre og så langt ikkje rapporterte tiltak i påvente av ei eventuell større satsing på regionalt nivå.

Med helsing

Dirk Kohlmann
Ass. landbruksdirektør

Eirik Brynjelsen
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Dette vedtaket kan De klage inn for Landbruksdirektoratet, Postboks 8140 Dep, 0033 Oslo. Ei eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Klaga bør vere grunngjeven, jfr. § 32 i Forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok denne meldinga.